



Liv Eik og Hanna Tvilde planlegg kanskje kjolekjøp

Ein triveleg programpost som Kvinnherad Vekstbedrift har teke med seg frå da dei hette AFA er den årlege salskafeen. I dag er salskafe nummer 9 avvikla og den var minst like vellukka som dei som gjekk forut sjølv om det kanskje kom nokon færre enn i fjor. Salskafeen har ein tredobbel funksjon: Den lokkar med mange fine og mjuke julegaver, presenterer kva denne viktige verksemda produserar og er ein sosial møteplass



Det kom mange til KV etterkvart

Kvart år plar KV å presentera nokon nye produkt og slik var det også i år. Ein av dei var ei pute med uglemotiv, men den vart utseldt etter stutt tid. Ein annan var ein barnekjole og ein tredje ei bordbrikke med blånisse på.



Bordbrikke med blånisse - ein flott julegåve!

Men dei gamle slagarane som til dømes sittaunderlag og filleryar held nok framleis stand.



Filleryene held stand

Publikumstilstrøyminga var ikkje all verden frå starten men tok bra opp etterkvart sjølv om vi sakna kjøparar frå andre delar av kommunen så lenge vi var der-
Serveringa må slett ikkje gløymast. Grauten fekk også i år toppkarakter!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Noko vakkert å sitte på